



Oras AS
Fabrikkgaten 5
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1244 - 16/23731

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
16.12.2016

Godkjenning - GBNR 22/258 - Løyve etter forureiningslova - Påslepp av oljeholdig avlaupsvatn - Mjåtveit Næringspark

Administrativt vedtak. Saknr: 431/2016

Tiltakshavar: Semini Eigedom AS.
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 15-1, flg.

SAKSUTGREIING:

Administrasjonen viser til søknad med vedlegg, journalført motteke 13.12.2016. Søknaden inneheld naudsynte opplysningar for godkjenning.

VURDERING:

Kommunen er forureiningsmynde og førar tilsyn ved påslepp av mellom anna oljeholdig avlaupsvatn som blir regulert av forureiningsforskrifta kapittel 15, jf. § 15-2. Kommunen har p.t. ikkje vedteke ei eiga forskrift om påslepp av oljeholdig avlaupsvatn og krav blir difor sett i samsvar med dei generelle føresegnene i forureiningsforskrifta. I tillegg gjeld følgjande:

- Utgåande oljekonsentrasjon til det kommunale nettet skal ikkje overstige 50 mg/l i reell drift.
- Den ansvarlege for oljeutskiljaren plikter å gjennomføra representative målingar for å dokumentere kvaliteten av påslepp til avlaupnett. Det skal tas ut minimum to representative prøver pr. år, frå inspeksjons-/kontrollkummen.
- Prøvetaking og konservering av prøver skal utføres i samsvar med gjeldande standardar og forureiningsforskrifta sine krav.
- Kommunen har rett til å inspisere verksemda til ei kvar tid og kan krevja å få lagt fram og få granska dokumentasjon på drift og kvalitetsdokumentasjon.

- Verksemda plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak for å unngå og eventuelt avgrense risikoen for akutte påslepp til nett for så vel spillvatn og overvatn.
- Oljeutskiljaren skal elles etablerast, driftast og haldast ved like i samsvar med skildringa og instruksane frå produsenten.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av Forskrift om begrensning av forurensning kapittel 15 løyve til påslepp av oljeholdig avlaupsvatn til kommunalt avlaupsnett i samsvar med søknad om løyve til etablering av oljeutskiljar, journalført motteke 13.12.2016, og på dei vilkår som går fram av vurderinga over.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Oras AS

Fabrikkgaten 5

5059

BERGEN